

Rv 48 Gaupholm – Straumsbrua (Tyssetunnelen)

Føremål Føremålet er å avlaste Tysse sentrum for gjennomgangstrafikken og utbetre og trafikksikre vegen.

Tiltak: Tiltaket omfattar utbetring av delar av eksisterande veg og delvis ny veg på i alt ca 5,8 km. Av dette vil ca 2,3 km vere i tunnel. Det vil og bli bygd gang og sykkelveg.

**Trafikk
ÅDT** Ved siste trafikkteiling på Gaupholm (2007) var ÅDT 935. Av dette var ca 10 % tunge køyretøy.

Planstatus Reguleringsplanen vart godkjent av Samnanger kommunestyre 20. desember 2001.

Kostnad I 2008 vart det gjort eit oppdatert kostnadsoverslag på i alt 335 mill 2008-kr.

Finansiering Kostnadane må dekkast over fylkesbudsjettet. Samnanger kommune har søkt om å få løyve til å forskottere inntil 100 mill kr.

**Nærare om
prosjektet** Dagens veg er smal med knappe kurver og dårlege siktilhøve. Gjennom Tysse sentrum er det sers trengt og vegen ligg tett inntil husa. Rv 48 frå Tysse til Eikelandsosen er utbetra dei seinare åra. Med utbygging av tunnelen forbi Tysse vil det vere samanhengande god standard på vegen frå kryss med rv 7 til Eikelandsosen.

